



VINDAFJORD
KOMMUNE

PLAN

Trafikksikker skule Skjold skule 2022-

Innhald

| | |
|---|---|
| Innleiing | 3 |
| Trafikksikkerhetstiltak | 4 |
| Trafikkopplæringa i skulen | 6 |
| Samarbeid heim/skule | 8 |
| Årshjul/hugseliste | 9 |

Innleiing

Vindafjord kommune har tre 1- 10 skular som har utarbeida ein felles plan for trafikksikker skule. Skulane Ølen, Skjold og Vikedal ligg i kvar sin kant av kommunen og har til felles at dei ligg tett opp til eit sentrum som kan by på trafikale utfordringar for elevar og vaksne ved skulen.

Dette er ein plan som skal gi oversikt på kva skulane sine rutinar er i samband med trafikktryggleik og trafikkopplæring. Trafikkopplæring og trafikktryggleik i skulen er viktige verkemiddel for å redusera risiko for ulykker blant barn og ungdom. Skulane kan ikkje garantera for at ulykker ikkje skjer, men trafikktryggleiksarbeidet i opplæring kan bidra til å førebygge at det skjer.

Opplæringa skal gjera elevane bevisste på kva det tyder i praksis å vera ein omsynsfull, oppmerksom og forsiktig trafikant. Elevane skal også få kunnskap om å vurdere trafikkforhold, og de skal vite kva dei bør gjera for å unngå ulykker. I tillegg skal elevar for kunnskap om kva dei skal gjera dersom det er ei ulykke og livreddande førstehjelp. Planen inneheld også rutinar og retningslinjer for tryggleiken på turar og på elevane sin skuleveg. Skulen sine rutinar skal vera med å sikre trafikken sånn at dei kan ta vare på sitt eige og andre sitt liv.

Trafikksikkerhetstiltak

Skolen gir, i samarbeid med FAU, anbefalinger til foresatte om sykling til skolen.

- Trygg skuleveg skal jamleg vera eit tema I skulemiljøutval (SMU) og foreldra sitt arbeidsutval (FAU).
- Foreldra skal årleg bli oppfordra til å la elevane gå til skulen, der dette er mogleg.
- Foreldra har ansvar for sikringsutstyr ved sykling til skulen.
- Kontaktlærar har ansvar for å arbeide med haldningar i trafikken.
- Opplæring i trafikktryggleik går kontinuerleg gjennom opplæringa.
- I ordensreglementet er det nedfelt at føresette har ansvar for trafikksikringsutstyr.
- Det blir gjennomført årlege vernerundar der det blir gjennomført ROS – analyse av parkering, kryssingspunkt, belysning, vegetasjon. Her er elevrådsleiar, verneombod og rektor med. FAU-leiar og SMU-leiar er inviterte til å vere med.
- Foreldremøte for oppstart av nye 1. klassingar, våren i forkant, trafikktryggleik er tema. Køyring til/frå skule/SFO, parkeringsplass, foreldra sitt ansvar for trafikksikringsutstyr (refleks, hjelm, trygg sykkel mm.)

Skolen har utarbeida rutinar for å ivareta sikkerheita på turar til fots, på sykkel, i bil og med kollektivtransport i skolens regi:

Planlegging skal innebere:

1. Alle tilsette som skal delta skal ha informasjon om tal elevar som er med.
2. Alle tilsette som skal delta skal ha informasjon om tal vaksne som er med, og ansvaret til desse under turen.
3. Fordeling av kven som skal ha ansvar for dei ulike elevane. Dette kan innebere ansvar for elevar på eit avgrensa område (buss, uteområde, eller liknande). Her må ein finne praktiske løysingar som skal ivareta både sikring og moglegheiter for gjennomføring.
4. Meld frå kva du går.
5. For kvar tur skal det vera ein **sikringsansvarleg per turmål**. Denne har ansvar for å ta med:
 - Førstehjelpsutstyr.
 - Prosedyre for kva ein skal gjera om eit barn forsvinn
 - Prosedyre for kva ein skal gjera om eit barn blir alvorleg skada
6. Ta også med namneliste på elevar med telefonnummer til heimen + klassetelefon. Er fleire klassar på tur, tar alle med klassetelefon og telefonlister.
7. Det er lærar (-ar) eller den vaksne i SFO, åleine eller i samarbeid, som har ansvar for planlegging av sikringstiltaket i forkant av aktivitet, og fordeling av ansvar til andre som er med.

Rutine for gjennomføring av tur:

1. Om ein er fleire vaksne på turen: Det skal alltid gå ein vaksen først og ein sist om ein er på tur. Andre vaksne fordeler seg slik at det ikkje er opphopping av vaksne nokon stad.
2. Ved spreidd aktivitet får elevane opplæring i sikringstiltak som å følgja litt ekstra godt med på medelevar i nærleiken, og å gi melding til den vaksne om nokon forsvinn.
3. Den som har ansvar for elevane skal telja desse regelmessig, ca kvart 30 minutt i aktivitet der dette er mogleg.

Rutine for evaluering:

1. Avvik frå rutine og/eller alvorlege hendingar meldes inn som avvik i Risk/Compilo.
2. Rektor følgjer opp avvik.
 - Ved alvorlege hendingar som omfattar mange/alle samlast heile kollegiet for gjennomgang av rutine.
 - Ved mindre alvorlege hendingar samlar rektor dei som var involvert i hendinga, og som må vera med og finne løysing til forbetra praksis.
3. Rektor har ansvar for å revidere rutine slik at den blir føremålstenleg for praksis.

Alle tilsette gjennomgår planar og rutinar med jamne mellomrom via internkontrollsystemet som blir nytta i Vindafjord kommune.

Trafikkopplæringa i skulen

Etter 2.trinn

| Fag | Kompetansemål | Plan /aktivitet |
|-------------|---|---|
| Kroppsøving | Øve på trygg ferdsel i trafikk | Uteaktivitetar og ferdsel i natur og trafikk Trafikkboka |
| | Forstå og praktisere turreglar og bruke klede etter vêr og forhold i naturen (kroppsøving 2.trinn) | |
| Naturfag | Utforske sansane gjennom leik ute og inne og samtale om korleis sansane brukast til å samle informasjon | |

Etter 4. trinn

| Fag | Kompetansemål | Plan /aktivitet |
|-------------|--|---|
| Kroppsøving | Forstå og følgje reglar i trafikken. | Uteaktivitetar og ferdsel i natur og trafikk Sykkelløype i skulegarden 4. klasse vår Trafikkboka |
| KRLE | Identifisera og reflektera over etiske spørsmål | Filosofi, etikk og livssyn: Bruk av hjelm |
| Naturfag | Utforske observerbare størrelser som fart og temperatur og knytte dem til energi | |

Etter 5.klasse

| Fag | Kompetansemål | Plan /aktivitet |
|-------------|--|---|
| Kroppsøving | Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennomføre sjølvberging i vatn | Uteaktivitetar og naturferdsel: svømmedyktig |
| | Øve på samansette bevegelsar, åleine og saman med andre | Sykkelopplæringsdag Alle elever på 5.trinn opplæring i trafikkreglar og sykkelferdigheiter. Det er Trygg trafikk som koordinerer opplegget. sykkeldyktig |
| Matematikk | Utforske observerbare størrelser som fart og temperatur og knytte dem til energi | |

Etter 7.trinn

| Fag | Kompetansemål | Plan /aktivitet |
|-------------|--|---|
| Kroppsøving | Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel | Uteaktivitetar og naturferdsel: Tinstafetten sykkeldyktig |
| Samfunnsfag | Gi døme på kva lover, reglar og normer er og kva slags funksjon dei har i samfunn, og reflektere over konsekvensar av å bryte dei. Utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur | Lovar, reglar og normer: Tinstafetten |
| Naturfag | Lese og forstå faremerking og reflektere over hensikta med disse. | |

Etter 10.trinn

| Fag | Kompetansemål | Plan /aktivitet |
|-------------|---|-----------------|
| Kroppsøving | Vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel | |

| | | |
|--|---|--|
| | | |
| | Forstå fleire typer kart og digitale verkøy og bruke dei til å orientere seg i kjende og ukjende miljø. | |

Samarbeid heim/skule

Plan for trafikksikker skule er lenka opp på skulen si heimesida. Kvar haust sendes den ut som eit vedlegg i Visma.

Trafikksikkerhet på foreldremøta kvar haust

Møte på våren for nye føresette:

- Gjennomgang av plan for trafikksikker skule.
- Foreldre som rollemodellar
- Køyning og slippsoner ved skulen

Småskulen 1.-4. trinn

- Gjennomgang av plan for trafikksikker skule
- Køyning og slippsoner ved skulen
- Gå skulevegen saman. Oppmoda elevane til å gå saman til skulen.
- Refleks
- Ferdsel i trafikken
- Foreldre som rollemodellar
- Reglar for elektrisk sparkesykkel

Mellomsteget 5.-7. trinn

- Gjennomgang av plan for trafikksikker skule
- Køyning og slippsoner ved skulen
- Refleks
- Ferdsel i trafikken
- Foreldre som rollemodellar
- Gjennomgang av skulens reglar mtp sykling, sykkelparkering og hjelmbbruk.
- Reglar for elektrisk sykkel/sparkesykkel

Ungdomssteget 8.-10.trinn

- Gjennomgang av plan for trafikksikker skule
- Kjøring og slippsoner ved skulen

- Refleks
- Ferdsel i trafikken
- Foreldre som rollemodeller
- Gjennomgang av skulens reglar mtp sykling, sykkelparkering og hjelmbruk. For 10. trinn vil det også bli ein gjennomgang av regler rundt mopedkjøring
- Reglar for elektrisk sykkel/sparkesykkel

FAU

- Plan for trafikksikker skule skal vera eit tema på FAU sitt fyste møte kvar haust.
- Skulen vil, i samarbeid med FAU, sørge for at det er elevanes sikkerheit som bestemmer de tiltaka som tas i forbindelse med kjøring på skulens område.
- Føresette som kjører og hentar elever, må vise aktsemdnår dei køyrer nær skulens område. Skulen tydeleggjer kvar det er greitt å levera og hente i skule- og SFO tid.
- Trafikkgruppa i FAU gjennomfører årleg ein trafikkaksjon i samband med Nasjonal refleksdag, der målet er å bevisstgjere føresette som køyrer barna til skulen om at trafikkvettreglane og skulen sine retningslinjer blir følgt.

Årshjul/hugseliste

| Periode | Kva skal gjennomførast |
|--------------------------|---|
| Haust (august- desember) | <ul style="list-style-type: none"> • Plan blir sendt heim • Plan er tema på FAU • Refleksmarkering • Opplæring av 1.klassingar • Reglar for tur og ferdsel i trafikken må oppdaterast, elevane må bli informerte |
| Vår (januar- juni) | <ul style="list-style-type: none"> • Kvar januar går leiing gjennom at alt førstehjelpsutsyr er oppdatert og på plass • Sykkeldag • Trafikk-demonstrasjon (trygg trafikk eller lokal bedrift kan bidra) |